



Kvalitet i opplæringa i skulane

Forvaltningsrevisjonsrapport
Tysvær kommune

Januar 2017

www.kpmg.no

Forord

Etter vedtak i kontrollutvalet i Tysvær kommune har KPMG gjennomført ein forvaltningsrevisjon retta mot kvalitetsarbeidet i skulane i kommunen. Denne rapporten svarar på kontrollutvalet sitt vedtak.

Oppbygging av rapporten

Våre konklusjonar og tilrådingar går fram av rapporten sitt samandrag. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her blir føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og metode presentert. I kapittel 2 vert det kort informert om skulane i Tysvær kommune. I kapittel 3, 4, 5 og 6 vert revisjonskriterier, fakta og vurderingar for høvesvis den skulebaserte vurderinga, bruk av verktøy og strategiplan presentert. I kapittel 7 vil rådmannen si uttale til rapporten bli tatt inn.

Takk til kommunen for god hjelp i vårt arbeidet med forvaltningsrevisjonen.

Bergen, 16. januar 2017



Ole Willy Fundingsrud
Direktør

Samandrag

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å:

- ✓ Undersøke i kva grad skulane v/ skuleleiinga gjennomfører jamleg skulebasert vurdering i tråd med forskrift om opplæring
- ✓ Undersøke i kva grad verktøy vert nytta av skulane i kvalitetsarbeidet
- ✓ Undersøke i kva grad resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2016- 2020 vert oppfylt
- ✓ Undersøke i kva grad resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2012-2015 vart oppfylt

For å svare på dette vart det oppstilt tre problemstillinger i forvaltningsrevisjonen. Etter møte i kontrollutvalet vart det tatt inn ei fjerde problemstilling om kor vidt resultatmåla for 2012-2015 vart oppfylt.

Under er våre konklusjoner og anbefalinger.

I kva grad tek skulane i vare krav til skulebasert vurdering i forskrift om opplæring § 2-1?

Skulane tek i vare krava til skulebasert vurdering av korvidt endringar i organsieringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane, etter forskrift til opplæringslova § 2-1. Skulane gjennomfører vurderingar jamleg, og dette vert fulgt opp av skuleeigar bl.a. gjennom dei årlege dialogmøta.

Samstundes vurderer revisjonen at det kan gjerast forbetringar i den skulebaserte vurderinga i Tysvær. Fleire av skulane gjer i liten grad temaval for den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket. I stor grad er det dei obligatoriske kartleggingane som ligg til grunn for val av tema.

Vidare vurderer revisjonen at det er brei og representativ medverknad i arbeidet med og oppfølginga av skulebaserte vurderinga, men oppfølginga og systematikken rundt endringar og tiltak som følgje av vurderingane er noko mangelfult. Revisjonen vil tilrå at kommunen får på plass eit høveleg system som sikrar at skulebaserte vurderingar er forankra i mål, og som dokumenterer vurderingar, korleis desse er fulgt opp, eventuelle tiltak og ein plan for oppfølging av tiltak. Dette for å tydeliggjere krava til systematikk i den skulebaserte vurderinga, herunder at vurderinga understøtter mål for opplæringa og at tiltak vert følgt opp og vurderte.

Sjølv om revisjonen peiker på enkelte forbetningspunkt, er det vår vurdering at alle skulane arbeider kontinuerleg med skulebaserte vurderingar, og at kvalitets- og vurderingsarbeidet er ein integrert del av skulekvardagen.

I kva grad nyttar skulane verktøy i kvalitetsvurdering og skuleutvikling?

Skulane nyttar verktøya VOKAL, PULS, Ståstadsanalyse og kvalitetssystemet til kommunen i henhold til interne krav i kommunen¹.

¹ Tilstandsrapport for grunnskulen, Tysvær kommune, Skuleåret 2014-15, Hausten 2015.

I kva grad vert resultatmåla for skulane i strategiplan 2016-2020 oppfylt?

Revisjonen har ikkje vurdert om skulane i Tysvær har oppfylt det enkelte resultatmålet for 2016-2020, då ein framleis er tidlig i strategiplanperioden. Revisjonen har derimot sett på korleis skulane arbeider med dei tre satsingsområda i strategiplanen:

- ✓ Satsingsområde 1: Kompetanse i å lære - med fokus på vurdering for og som læring
- ✓ Satsingsområde 2: Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta med fokus på eit trygt psykososialt skulemiljø
- ✓ Satsingsområde 3: Fagspesifikk kompetanse i realfag - med fokus på matematikk

Skulane arbeider godt med alle dei tre satsingsområda. For satsingsområde 1 og 2 har kommunen langt på veg etablert eigne prosjektplanar, desse understøttar resultatmåla i strategiplanen. Kommunen er også i gang med å utarbeide ein prosjektplan for satsingsområde 3. Til dømes arbeider alle skulane med satsingsområde 1 og Vurdering for læring (VFL) ved at dei har eit utviklingsteam som får kurs og veiledning som dei skal ta tilbake til skulen og dele med resten av kollegiet. Innanfor satsingsområde 2 er det ein delplan til strategiplanen under utarbeiding som skal gje skulane eit felles rammeverk i arbeidet med å førebygge, oppdage og stoppe krenking, mobbing, trakasering og diskriminering. Per tidspunkt er det ikkje stilt krav til når skulane skal ha utarbeid lokale utviklingsplanar. I følgje skulesjef skal dette på plass i løpet av våren 2017.

I kva grad vart resultatmåla for skulane i strategiplan 2012-2015 oppfylt?

Tilstandsrapporten for skuleåret 2014 og 2015 og hausten 2015 rapporterer i liten grad direkte på måla frå strategiplan 2012-2015, den presenterer i hovudsak resultat frå ulike undersøkingar og kartleggingar.

Skulane i Tysvær kommune har oppnådd nokon av dei overordna måla frå strategiplanen 2012-2015, men ikkje alle.

- ✓ Nullvisjonen om mobbing er ikkje oppnådd og Tysværskulen scorar ikkje høgare enn landssnittet i elevundersøkinga. Samstundes er mobbing eit prioriterte område i den nye strategiplanen gjennom satsingsområda *Kompetanse i å lære – med fokus på Vurdering for og som læring* og *Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta med fokus på eit trygt psykososialt skulemiljø*.
- ✓ Den overordna målsettinga om at resultatata på nasjonale prøvar skal vere over landssnittet er i liten grad oppfylt. Kommunen er i gang med ei realfagsatsinga og det kan ventast at denne kan ha ein positiv effekt på utviklinga i resultatata på nasjonale prøvar innanfor rekning.
- ✓ Tysvær oppnådde derimot målet om grunnskulepoeng over 40 for første gong i 2015.
- ✓ Tysvær har bortimot oppnådd målsettinga om spesialundervisning på under 7 % og vil ha fokus på dette vidare bla ved at Tysvær kommune har utarbeida ein plan for *Systemisk samhandling skule-PPT* for strategiplanperioden 2016-2020.

Innhald

1. Innleiing	5
1.1 Bakgrunn og formål	5
1.2 Problemstillingar	5
1.3 Revisjonskriterier	5
1.4 Metode	6
2. Skulane i Tysvær kommune	7
2.1 Organisering	7
2.2 Økonomiske føresetnadar	7
2.3 Tilstandsrapporten 2014-2015 og hausten 2015	7
3. Skulebasert vurdering	9
3.1 Revisjonskriterier	9
3.2 Fakta	9
3.3 Vurderingar	12
4. Bruk av verktøy i kvalitetsarbeidet	14
4.1 Revisjonskriterier	14
4.2 Fakta	14
4.3 Vurderingar	15
5. Strategiplan 2016-2020	16
5.1 Revisjonskriterier	16
5.2 Fakta	17
5.3 Vurderingar	20
6. Strategiplan 2012-2015 /Haugalandsløftet	21
6.1 Revisjonskriterier	21
6.2 Fakta	21
6.3 Vurderingar	22
7. Uttale frå rådmannen	24
7.1 Revisor sin kommentar til rådmannen sin uttale	25
Vedlegg 1 Dokumentliste	26

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og formål

Kontrollutvalet i Tysvær kommune har i møte 8.9.2016 sak 16/16 bestilt forvaltningsrevisjonsprosjekt "Kvalitet i opplæringa i skulane" av KPMG. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i henhold til prosjektplanen som vart godkjent i kontrollutvalet og krava i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon².

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å:

- ✓ Undersøke i kva grad skulane v/ skuleleiinga gjennomfører jamleg skulebasert vurdering i tråd med forskrift om opplæring, og i kva grad verktøy vert nytta av skulane i kvalitetsarbeidet.
- ✓ Undersøke i kva grad resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2016-2020 vert oppfylt.
- ✓ Undersøke i kva grad resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2012-2015 vart oppfylt.

1.2 Problemstillingar

Forvaltningsrevisjonen gir svar på fylgjande tre hovudproblemstillingar:

1. I kva grad tek skulane i vare krav til skulebasert vurdering i forskrift om opplæring § 2-1?
2. I kva grad nyttar skulane verktøy i kvalitetsvurdering og skuleutvikling?
3. I kva grad vert resultatmåla for skulane i strategiplan 2016- 2020 oppfylt?
4. I kva grad vart resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2012-2015 vart oppfylt?

Når det gjeld problemstilling 3 så vert det understreka at det ikkje er eit krav at resultatmåla skal vere nådd hausten 2016. Resultatmåla skal nåast innan strategiperioden 2016-2020, og i tråd med utviklingsplanene til kvar einskild skule. Forvaltningsrevisjonen vil derimot gje informasjon om ståa i høve til realiseringa av dei tre satsningsområda, som resultatmåla for skulane er knytt til, samt identifisere eventuelle forbettringsområder- og tiltak i arbeidet med å oppfylle resultatmåla. Revisjonen ser i tillegg, etter innspel frå kontrollutvalet, på effektane av Haugalandsløftet³ og korvidt skuleleiarane meiner at innsparingane som Tysværskulen har vore gjennom dei siste åra har gått utover kvalitetsarbeidet i skulen.

Problemstilling 4 er lagt til forvaltningsrevisjonen etter handsaming av prosjektplanen i kontrollutvalet i sak 16/16.

1.3 Revisjonskriterier

Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen vert målt mot. Revisjonskriterier må være aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Kjelder for å utlede revisjonskriterier har vore:

² Utgitt av Norges Kommunerevisorforbund.

³ Hovudmandatet for Haugalandsløftet er å auka kvaliteten i den ordinære undervisninga for å redusere tal på elevar som må ha spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp etter Opplæringslova § 5-1.

- ✓ Forskrift til opplæringslova § 2-1.
- ✓ Veiledning frå Utdanningsdirektoratet om skolebasert vurdering⁴.
- ✓ Kommunen sine krav til skulane om bruk av verktøy i arbeidet med kvalitet i opplæringa.
- ✓ Strategiplan for 2016-2020 for resultatområde skule.
- ✓ Strategiplan for 2012- 2015 for resultatområdet skule.

Revisjonskriterier som er brukt er redegjort nærmare for i kapittel 2.1 og 3.1.

1.4 Metode

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krava i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon.

For å svare på problemstillingane er følgande teknikker brukt for å samle inn data:

- ✓ Dokumentinnsamling og analyse
- ✓ Intervju

Til grunn for rapporten ligg ein gjennomgang og analyse av sentrale dokumenter opp mot revisjonskriteria. Liste over relevant, mottatt dokumentasjon er inntatt i vedlegg 1.

Det er gjennomført åtte intervju. Vi har snakka med sju av åtte rektorar ved grunnskulane. Ein skule er utelatt på grunn av revisors kapasitet. Ettersom revisjonen har vurdert ein så stor andel av skulane, ser vi resultatata som representative for skulane i Tysvær kommune. I tillegg har vi gjennomført intervju med skuleeigar i Tysvær kommune ved skulesjefen. Intervju har vore ei sentral informasjonskjelde, og utvalet av personar er basert på forventa informasjonsverdi, personane si erfaring og formelt ansvar i forhold til forvaltningsrevisjonen sitt føremål og problemstillingar. Føremålet med intervju har vore å få utfyllande og supplerande informasjon til dokumentasjonen vi har mottatt frå kommunen. Data frå intervju er verifisert av respondentane, dvs. at respondentane har fått høve til å lese igjennom referata og gjere eventuelle korrigeringar.

Datainnsamlinga blei avslutta 13.12.2016.

Rapport er sendt rådmannen til uttale den 02.01.2016 med høringsfrist den 16.01.2017.

⁴ [Skolebasert/virksomhetsbasert vurdering](#), Veiledning, Utdanningsdirektoratet, 06.04.2016.

2. Skulane i Tysvær kommune

2.1 Organisering

Tysvær kommune har åtte grunnskular; fem barneskular, ein ungdomskule og to kombinerte barne – og ungdomsskular. Skulesjef i Tysvær er ansvarleg for grunnskulane. Skulesjef er organisert direkte under rådmannen.

2.2 Økonomiske føresetnader

Tysvær kommune har over lengre tid arbeidd med omstilling og sparing, for å få ein meir berekraftig økonomi med styrka investeringsevne. Det er føresett ein samla netto innsparing på 57,7 millionar kroner i perioden 2013-2020. Føresetnadene om sparing som rådmannen har lagt til grunn for perioden 2017-2020 og vidare, går fram av tabellen nedanfor:

Tal i mill. kroner										
Områder	Samla	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021+
Stab og politisk styring	4	2,2	0,7	0,5	0,6		(0,5)	(0,5)	(0,5)	
Barnehage	2		0,5	0,25	0,25	(0,5)1	(0,5)	(0,5)		
Skule	17	7	3	2	1	1	(1)1	1	1	
Aktivitet og omsorg	27,7	1	1,6	1	1	(1)1	1	1	3,6	4
Helse og førebygging		1,5	2	0,4	1,6	0,5	0,5	2	4	
Kultur	1,125	0,3	0,275	0,175	0,375	-	-	-	-	-
Kyrkje	0,375	0	0,125	0,125	0,125	-	-	-	-	-
Teknisk	5,5	1,5	1,2	1,2	1,1	0,5	(0,75)	(0,75)	(1,8)	
Sum	57,7	13,5	9,4	5,4	6,3	4	2,5	4	8,6	4

Tabell 1 Spareprofil i Tysvær kommune

Resultatområde skule skal spare 17 millionar i perioden 2013-2020. Skulane har per 2016 allereie redusert budsjetta med den største andelen av innsparingar som resultatområdet skal ta (13 millionar), men som det går fram av tabellen skal skulane redusere sitt budsjett med ytterleggare 4 millionar fram til 2020. (Skulane har utsatt 1 million i sparing frå 2014, dei står i parantes i 2018.)

2.3 Tilstandsrapporten 2014-2015 og hausten 2015

I opplæringslova § 13-10 er det fastsatt at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa i kommunen, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den førre tilstandsrapporten frå Tysværskulen gjeld skuleåret 2014-15 og hausten 2015. Denne syner at sjølv om ressursbruken i Tysværskulen går ned, dokumenterer kartleggingar, prøvar og eksamen ei positiv utvikling samla sett. Tysværskulen hadde tidlegare ein ressursbruk som låg 114,9 % over landsgjennomsnittet, medan den var 106,2 % over landsgjennomsnittet i 2015.

Tilstandsrapporten syner at talet på elevar som får spesialundervisning etter § 5-1 er redusert frå 9,4 % i 2013 til 7,4 % i 2014. Dette har samanheng med Haugalandsløftet, som har som hovudmandat å auka kvaliteten i den ordinære undervisninga for å redusere tal på elevar som må ha spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp etter § 5-1 i Opplæringslova.

Resultata frå elevundersøkinga syner at elevane trivs i Tysværskulen, men det er ein andel elevar som melder om mobbing. Samstundes vert det peikt på at andel elevar som melder om mobbing har gått ned frå

2014 til 2015. Resultata frå nasjonale prøvar ligg stort sett innanfor eller like under målsettinga. Avgangskarakter i 10. klasse viser ei positiv utvikling våren 2015. Den politiske målsettinga for grunnskulepoeng⁵ er at gjennomsnittet skal vere over 40. Denne målsettinga vart oppnådd for første gong våren 2015. Fråfall i vidaregåande skule vert sett på som ein indikator på kor godt førebudd elevane er på faglege krav etter fullført grunnskule. Tysværelevane har eit fråfall på 18,2 %, som er under den nasjonale målsettinga på 25 % i eit femårsperspektiv.

⁵ Grunnskulepoeng er summen av dei avsluttande karakterane til elevane når dei går ut frå ungdomsskulen, delt på antall karakterar, ganga med 10.

3. Skulebasert vurdering

3.1 Revisjonskriterier

Forskrift til opplæringslova § 2-1 Skulebasert vurdering lyd:

"Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skuleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene."

Kravet i § 2-1 inneber at kvar skule v/ skuleleiinga jamleg skal vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå måla som er satt.

Utdanningsdirektoratet har utarbeida ein rettleiar⁶ for den skulebaserte vurderinga, som skildrar korleis vurderinga bør gjennomførast.

På bakgrunn av § 2-1 og rettleiaren er følgjande revisjonskriterie oppstilt:

- ✓ Skulane skal jamleg gjennomføre skulebasert vurdering
- ✓ I dei skulebaserte vurderingane skal skulane:
 - velje tema for vurderinga basert på resultatet til skulen og måloppnåing for elevane
 - vurdere om det er behov for endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa for å sikre og betre kvaliteten i opplæringa
 - følgje opp eventuelle endringar som skulen finn naudsynt å gjennomføre
 - sørge for medverknad for lærarar og andre i vurderinga og gjennomføringa av endringar

3.2 Fakta


3.2.1 Skuleeigar

Skuleeigar i Tysvær har utarbeidd eit årshjul for kvalitet i Tysværskulen, sjå figur 1 under. Årshjulet viser dei ulike komponentane i kvalitetsarbeidet skulane skal gjennom i løpet av året.

Skuleeigar følg opp kvaliteten i skulane gjennom ulike kartleggingar og undersøkingar. I form av elevundersøking, foreldreundersøking og medarbeiderundersøking. I Tysvær kommune må skulane gjennomføre dei obligatoriske og dei valfrie kartleggingsprøvene frå Utdanningsdirektoratet (Udir). I tillegg gjennomfører skulane nasjonale prøvar på 5., 8. og 9. trinn. Tidlegare har skulane stått relativt fritt i forhold til korleis dei skal gjennomføre vurderingar av eiga verksemd. Skuleeigar er på tidspunkt for revisjonen i prosess med å tydeleggjere kva vurderingar alle skulane må gjennomføre. Til dømes skal alle rektorar gjennomføre læringsleiing⁷ (også kalla skulevandring) i løpet av skuleåret 2016/2017, med fokus på at undervisninga understøtter kompetanssmål og forskrift til opplæringslova.

⁶ [Skulebasert/virksomhetsbasert vurdering](#), Veiledning, Utdanningsdirektoratet, 06.04.2016.

⁷ Læringsleiing/skulevandring vil sei at lærarane vert bedd om å forberede det dei ser på som ei god læringsøkt. Representantar frå skuleadministrasjonen vil observere læraren direkte i læresituasjonen. Skuleadministrasjonen vurderer undervisninga opp mot styrande dokument som strategiplan, årsplan, etc.



Figur 1 Årshjul for kvalitet

Det ligg inne i årshjulet at skuleeigar skal gjennomføre dialogmøte i løpet av våren med alle skulane. Dialogmøta er ein viktig del av kommunen si oppfølging av skulane. I dialogmøter er det skulesjef, pedagogisk fagansvarleg for skule/rådgjevar, representant frå PPT og politisk oppnemnd representant som møter skuleadministrasjonen og eit utval av lærarar og elevar til samtale/dialog. Gjennom dialog mellom skuleeigar og skule har ein fokus på dei kommunale måla som er sette for skulen og gjennomføring av strategiplanen. Dette har vore det mest stabile verktøyet over tid i kvalitetsårshjulet. Etter at ein tok i bruk PULS nyttar ein dette verktøyet til å hente ut resultat frå kartleggingar og undersøkingar, både på kommune- og skulenivå, til bruk i dialogmøtet.

Tidlegare hadde Tysvær kommune eit opplegg med skulebasert vurdering saman med andre kommunar i Nord Rogaland (NordR). Det innebar at skulane skulle gjennomføre eigenvurdering av verksemda si årleg, i tillegg til ekstern skulevurdering kvart 3.-4. år. Den eksterne skulevurderinga vart gjennomført av eit lokalt vurderingsteam frå skulesektoren i kommunane i Nord Rogaland.

For å erstatte det tidlegare opplegget med NordR har Tysvær starta opp med Ståstadsanalyse. Dette verktøyet er utvikla av Utdanningsdirektoratet til bruk på skulenivå. Målet med Ståstadsanalysen er å skape felles refleksjon over skulen sin praksis og kva område skulen vil prioritere i utviklingsarbeidet. I Ståstadsanalysa vert personalet involvert i analysearbeidet. Foreløpig er det skulane som har deltatt i Læringsmiljøprosjektet som har vore pålagt å gjennomføre Ståstadsanalysa, men etter kvart vil det bli obligatorisk for alle skulane. Ståstadsanalysa er omfattande og planen er at den skal gjennomførast på enkeltområder, til dømes når ein startar eit nytt prosjekt. Ein ser også for seg å nytte Ståstadsanalysa ved oppfølging av strategiplanen, og vil gjennomføre Ståstadsanalysa innan matematikk på nyåret, deretter for prosjektet Vurdering for læring (VFL).

3.2.2 Skulane

Det er avgrensa kor mykje dokumentasjon skulane har som viser systematikken i arbeidet med skulebasert vurdering. Skildringa av den skulebaserte vurderinga i skulane baserer seg difor i stor grad på intervju med rektorane.

I Tysvær kommune gjennomfører alle skulane skulebaserte vurderingar jamleg, kor dei vurderer om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføringsmåten av opplæringa kan auke måloppnåinga. Skulane har ulike innfallsvinklar til korleis dette vert gjennomført, sjå nærarar om dette i omtalen av kvar skule under. Alle skulane gjennomfører oppfølging av kartleggingar og undersøkingar. Det er også nokon, som nevnt i kapittel 3.1.2, som vurderer skuleverksemda gjennom Ståstadsanalysa. Det er også fleire av skulane som gjennomfører læringsleiing (skulevandring).

Under følg ein kort skildring av korleis dei enkelte skulane arbeider med skulebasert vurdering.

Tysværvåg barne- og ungdomsskule har gjort skulebaserte vurderingar med å gjennomføre Ståstadsanalysa. Ved førre Ståstadsanalyse slo vurdering for læring (VFL) dårleg ut, dette har dermed vore i fokus mellom anna på fellesmøta til personalet. Skulen får tilbakemelding på kvaliteten via undersøkingar og kartleggingar. Resultata vert gjennomgått med lærarane, og skulen arbeider for å betre kvaliteten. I arbeidet er det ein tett dialog med lærarane og plan for deling er eit viktig tiltak i arbeidet.

Nedstrand barne- og ungdomsskule arbeider systematisk med skulebasert vurdering, bla ved at dei har utarbeida eit system for skulevandring som administrasjonen gjennomfører minst ein gong i året. Gjennom skulevandringa vert kvaliteten på opplæringa vurdert. Skuleleiinga vel fag eller tema for observasjon og vurderer undervisninga opp mot styrande dokument. Skulevandringa vert gjerne gjort i lys av identifiserte utfordringar eller pågåande prosjekt. Skulevandringa vert nytta både som vurdering av undervisninga ved skulen som heilhet og oppfølging av den enkelte læraren. I etterkant av skulevandringa arbeider skuleleiinga med å legge vegen vidare saman med lærar i ein oppfølgingssamtale. Både lærar og skuleleiar skriv uformelle notat på eventuelle tiltak og vidare oppfølging. Skuleleiinga gjev felles tilbakemelding til dei tilsette med hovudinntrykket etter skulevandringa, og vurderer om det er behov for å verksette tiltak i høve dette. Skulen starta med skulevandring på bakgrunn av tilbakemelding på medarbeidarundersøking.

Frakkagjerd barneskole jobbar i følgje rektor med skulebasert vurdering kontinuerleg, med utgangspunkt i kartleggingsresultata frå elevane. Læringsutbyttet som vert synleggjort i VOKAL er grunnlaget for kvalitetsarbeidet. Skulen har eit ressursteam som møtes kvar veke, som er styrt av administrasjonen. Ressursteamet består av pedagogar med spesialkompetanse på ulike områder. Ressursteamet føl opp kartleggingane, foreslår tiltak å sette inn i klassane og retteleiar lærarane som skal sette i verk tiltak. Eit tiltak kan til dømes vere omdisponering av ressursar. Tiltaka vert evaluert i dialog med lærarane, dei vert ikkje direkte dokumentert og fulgt opp skriftleg, men ein ser det dokumentert i timeplanane til lærarane. Ein prøver eit tiltak i ein periode, og så evaluerer ein tiltaka i til dømes samarbeidsmøter med PPT, rektor eller ressursteam.

Førland skule gjer skulebaserte vurderingar ved at dei arbeider systematisk med undersøkingane og kartleggingane dei er pålagt frå kommunalt nivå. Skulen føl desse opp ved å gå gjennom resultata i ulike grupper, avhengig av type kartlegging. Resultata vert også gjennomgått i kollegiet og dei aktuelle klassane. Ein vurderer og set deretter i verk tiltak. Desse tiltaka vert diskutert munnleg. Ein har ikkje noko formelt system for dokumentasjon og oppfølging av tiltaka, bortsett frå tiltak som gjeld enkeltelevar som vert dokumentert i deira elevmappe og tiltak bestemt av spesialpedagogisk team. Utover dette må den som er ansvarleg for tiltaket dokumentere dette. Skulen gjennomfører nye kartleggingsprøvar om det trengst for å følgje opp korvidt tiltaka gjev læringsutbytte. Skulen skal også starte opp med skulevandring to gongar i året. Rektor meiner at ettersom Førland er ein liten skule, er den oversiktlig og det er lettare å følgje dei enkelte elevane si utvikling.

Førre skule har skifta ut heile skuleleiinga i løpet av dei siste åra. Difor har skulen starta arbeidet med kvalitetsarbeid på nytt; herunder korleis dei arbeider med kartlegging, vurderingar og tiltak for å sikre ei god opplæring. Innan jul 2016 skal skulen ha gjennomført den første skulevandringa. Ved skulevandringa føl skulen metodikken i vurdering for læring (VFL). Etter kartleggingar og undersøkingar går leiinga gjennom resultata med personalet. Kartleggingane vert nytta til å vurdere behov for endringar i organisering, tilrettelegging for opplæring mv. Skulen har rutiner for førebuing, gjennomføring og oppfølging av kartleggingsprøvene. Desse er ikkje dokumentert, men skulen har ein praksis som er innarbeida og kjent for det pedagogisk personalet. Ein har igangsatt dokumentasjon av desse rutineane, men dette arbeidet er ikkje ferdigstilt. Oppfølging av kollektive tiltak skjer ved sparring og kontinuerleg dialog, dette er typisk på trinnmøta for klassane.

Frakkagjerd ungdomsskule jobbar med skulebasert vurdering ved at dei har ein utviklingslærar i 30 % stilling som følgjer opp alle kartleggingsresultat, og som tek dette opp og drøfter det i personalet sine møter. I møta ser ein på skulen si utvikling over tid og siste årsresultat. På bakgrunn av kartleggingar set skulen i verk tiltak. Skulen har ein koordinator for tilpassa opplæring (TPO-koordinatoren) som føl opp tiltaka som blir satt i verk ift enkeltelevar. Skulen har ei ordning med faste team på kvart klassesetrinn, med minst to lærarar i kvart team. Dette vart starta opp som følgje av resultat frå ståstadsanalyser og eigenvurderingar. Teamet følgjer opp lærarar som har elevar med utfordringar og kan bistå kvarandre med å gjennomføre ulike tiltak. Teamorganiseringa har redusert behovet for spesialundervisning. Frakkagjerd har utvikla eit planleggingsverktøy, som ein etter kvart skal ta i bruk ved dei andre skulane i kommunen. Planleggingsverktøyet skal sikra at undervisninga understøtter kompetansemåla.

Grinde skule jobbar med skulebasert vurdering ved at dei evaluerer kartleggingsprøver, nasjonale prøver, elevundersøkingar og medarbeidarundersøkingar, og basert på desse vurderer tiltak som kan forbetre

kvaliteten på undervisninga. Grinde har eit ressursteam som ser på resultatane av undersøkingane og set inn ekstra ressursar der det er behov. Grinde har nytta Ståstandanalyse to gonger, dei gjennomførte den sist i 2015. Skulen fekk tilbakemelding via Ståstadsanalyse at lærarane ynskjer meir fokus på vurdering for læring (VFL) og at administrasjonen må meir ut i klasserommet. Grinde føl dette opp ved å gjennomføre skulevandring. Skulen har også endra korleis dei planlegg undervisninga på bakgrunn av Ståstadsanalyse, ved å ha meir fokus på mål. Skulen tar meir utgangspunktet i måla for læringsplanen ved planlegging av undervisninga.

3.2.3 Innsparingane

Som nevnt i kapittel 2.1 har Tysværskulen fått reduksjon i sine budsjett dei seinare åra. Skulane har sett i verk ulike tiltak for å redusere budsjetta i henhold til pålagte innsparingar. Innsparingar på assistent, styrkingstimar, reduksjon i timar til IKT og redusert forbruksbudsjett er tiltak som vart nemndt i intervju. For dei mindre skulane må dei slå klassetrinn saman i fleire samanhengar enn tidlegare, noko som gjev lågare lærartetthet.

Alle rektorane vart i intervju spurd om korvidt innsparingane i Tysvær kommune påverka kvalitetsarbeidet til skulen. Rektorane har i intervju uttrykt ulike meiningar om dette. Ytterpunkta er ein av rektorane som fortel at dei er på smertegrensa i forhold til ressursar, medan ein annan rektor meiner å ha godt med ressursar. Tilstandsrapporten frå 2015 syner at sjølv om ressursbruken i Tysvær går ned, dokumenterer kartleggingar, prøvar og eksamen eit godt resultat samla sett, og ei positiv utvikling. Tysvær hadde tidlegare ein ressursbruk som låg 114,9 % over landsgjennomsnittet, medan den var 106,2 % over landsgjennomsnittet i 2015.

3.3 Vurderingar

3.3.1 Skulebaserte vurderingar

Det er vår vurdering at alle skulane gjennomfører ei form for skulebasert vurdering jamleg. Dette er i tråd med kravet i forskrift til opplæringslova § 2-1. Samstundes er det variasjon i korleis skulane gjennomfører vurderinga. Nokon av skulane gjer dette ved oppfølging av dei pålagte kartleggingane og undersøkingane, medan andre har i tillegg gjennomført meir overordna vurderingar som Ståstadsanalyse. Det er ingen av skulane som skil seg spesielt negativt eller positivt ut i forhold til gjennomføring og oppfølging av skulebaserte vurderingar.

Alle skulane vurderer om det er behov for å gjennomføre endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa som ledd i den skulebaserte vurderinga. Også dette er i tråd med kravet i forskrift til opplæringslova § 2-1. Tiltaka gjeld i stor grad tilrettelegging og gjennomføring av undervisninga. Samstundes fins det og døme på endring i organiseringa som følgje av skulebasert vurdereing. Frakkagjerd ungdomsskule starta opp med organiseringa med faste team på kvart klassetrinn på bakgrunn av Ståstadsanalyser og eigenvurderingar.

I henhold til Udir sin veileidar for skulebasert vurdering skal skulane velje eit tema for den skulebaserte vurderinga basert på ein brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket. Basert på datagrunnlaget som revisjonen har stiller vi spørsmål ved om skulane i tilstrekkelege grad tek utgangspunkt i måla ved val av tema for vurderinga. Kartleggingsresultata for skulane synast å vere sentrale for val av tema, men i val mellom ulike tema som er akutte å jobbe med saknar me ei tydelegare kopling til måla.

Skulane set i verk endringar som følgje av den skulebaserte vurderinga. Desse endringane vert gjerne diskutert i felleskollegiet, med enkeltlærarar, ressursteam eller dei som arbeider med tilpassa opplæring. Skulane oppfyller soleis kriteriet for medverking i arbeidet med den skulebaserte vurderinga, jfr. rettleiaren frå Udir.

Sjølv om skulane verkset endringar som følgje av vurderinga, er oppfølginga av desse endringane lite systematisk. Ingen av skulane har eit overordna system for å registrere tiltak som vert verksett, men dei vert synleggjort til dømes gjennom endringar på ein klasse sin timeplan. Fleire av rektorane seier at dei føl opp tiltaka gjennom å følgje utviklinga i dei faste kartleggingane og undersøkingane. Det at skulane ikkje har eit

system for eller i større grad ei oppfølging av tiltaka, kan bety at dei ikkje klarar å fange opp i kva grad tiltaka ein prøver ut har effekt – då det kan vere fleire høve som påverkar resultatet av kartleggingane utover tiltaka.

Det er vår samla vurdering at alle skulane arbeider kontinuerleg med skulebasert vurdering, og at kvalitets- og vurderingsarbeidet er ein integrert del av skulekvardagen. Samstundes er det liten grad av dokumentasjon til den skulebaserte vurderinga i form av verksetting og oppfølging av tiltak, og revisjonen vil tilrå at kommunen får på plass eit høveleg system som dokumenterer vurderingar, korleis desse er fulgt opp, eventuelle tiltak og ein plan for oppfølging av tiltak. Dette for å sikre at tiltak vert følgt opp og vurderte, men også for å sikre skulane mot sårbarheit ved utskifting av nøkkelpersonar. Dette kan til dømes utformast i eit rekneark kor ein registrerer vurderingsområde og tema, vurdering av ulike tiltak, kva tiltak som er verksett, plan for oppfølging og evaluering av tiltak. Reknearket kan vere tema på møter i lærarkollegiet, og i eventuelle andre grupper som er ansvarlege for tiltaka.

3.3.2 Innsparingane

Basert på tilstandsrapporten for Tysværskulen og intervju med rektorane i Tysvær kan det per tidspunkt for revisjonen sjå ut som innsparingane som Tysværskulen har vore gjennom ikkje har hatt negativ innvirkning på kvaliteten i skulen eller arbeidet med skulebaserte vurderingar.

4. Bruk av verktøy i kvalitetsarbeidet

4.1 Revisjonskriterier

Tysvær kommune nyttar ulike verktøy i arbeidet med å sikre og kontinuerlig betre kvalitet i opplæringa i skulane. I kvalitetsvurderinga vil det å samanstille informasjon og data for å vurdere tilstanden internt på ein skule vere viktig. Eit godt kunnskapsgrunnlag er naudsynt for å fastsette mål, prioritere tiltak og følge opp utviklinga slik at elevane får eit godt læringsmiljø og betre læringsutbytte. Å nytte verktøy til å samle og analysere informasjon og resultat er viktig hjelp i det systematiske arbeidet med kvalitet i opplæringa.

Under er ein kort omtale av verktøy som vert nytta:

- ✓ **VOKAL:** Eit verktøy til bruk for samanstillingar av vurderingar og kartleggingar i skulen, vert nytta som underlag for å tilpasse undervisninga til elevane.
- ✓ **PULS:** Eit verktøy for systematisk kvalitetsarbeid i skulane, som vart teken i bruk i 2015. PULS samlar inn alle resultat frå ulike kartleggingar og undersøkingar som skulane tek del i. Til dømes nasjonale prøvar, eksamensresultat, elevundersøkinga og foreldreundersøkinga. Det er både eit analyse- og prosessverktøy. Resultat frå undersøkingar og eksamen kan brukast både på kommunenivå, skulenivå og på tvers av skular. Tysvær er framleis i implementeringsfasen i bruk av verktøyet, men frå neste år vil skuleeigar legge obligatoriske føringar for korleis skulane skal arbeide med PULS.
- ✓ **Ståstadsanalysa:** Eit verktøy for kvalitetsvurdering og skuleutvikling til bruk på skulenivå. Målet er å skape felles refleksjon over praksis og kva for område skulen vil prioritere i utviklingsarbeidet sitt. Personalet skal involverast i analysearbeidet. Det er tre skular som deltek i eit prosjekt (Læringsmiljøprosjektet) og desse er pålagt å bruke Ståstadsanalysa. Nokre av dei andre skulen har prøvd ut verktøyet, men ikkje alle.
- ✓ **Kvalitetssystem:** Kommunen sitt kvalitetssystem samlar prosedyrar og rutinar for skulane.

Tilstandsrapport for Tysvær skulen 2014-2015, kap. 4 skildrar kva verktøy som nyttast og krav til skulane mht bruk av verktøy. Kva krav som vert stilt er også gjennomgått med skuleeigar i oppstartsmøte i forvaltningsrevisjonen.

På bakgrunn av Tilstandsrapporten 2014-2015 er følgjande revisjonskriterie oppstilt:

- ✓ Skulane skal bruke Vokal.
- ✓ Skulane skal bruke Puls.
- ✓ Følgjande skular skal bruke Ståstadsanalysa:
 - Nedstrand barne- og ungdomsskule.
 - Tysværvåg barne- og ungdomsskule.
 - Grinde skule.
- ✓ Skulane skal ha tatt i bruk kommunens kvalitetssystem.

4.2 Fakta

Skulane som har deltatt i læringsmiljøprosjektet; Tysværvåg barne og ungdomsskule, Nestrand barne- og ungdomsskule og Grinde skule, var pålagt å nytte **Ståstadsanalysa** når dei gjekk inn i læringsmiljøprosjektet. I tillegg er det nokon av dei andre skulane som har nytta ståstadsanalysa. Gjennom Ståstadsanalysa får rektor indikasjonar på kva personalet meiner at skulen bør følge betre opp. Ståstadsanalysa er omfattande. Fleire av rektorane poengterer at den er nyttig, men at den ikkje bør gjennomførast kvart år. Både fordi den er ressurskrevjande, men også fordi den bør nyttast som ei undervegsvurdering og for å sjå effektar, så vil det ikkje vere hensiktsmessig å gjennomføre den årleg. Det

er meir teneleg å gjennomføre Ståstadsanalysa før ein skal setja i gong større prosjekt eller satsingar for å kunne måle effekten i etterkant.

PULS er eit relativt nytt verktøy i Tysværskulen. Alle skulane har tatt det i bruk, men det varierar i kor stor grad. Nokon har tatt det i bruk på FAU⁸ møter og fellesmøter i kollegiet, medan fleire melder at dei vil ta det meir aktivt i bruk etterkvart. Dei ser for seg å nytte det i meir spissa form i framtida, mellom anna ved å gjere eigne analyser i PULS. PULS kan nyttast til å analysere demografisk utvikling, utdanningsnivå og elevane si utvikling, og det har kriterium for å kartlegge og vurdere undervisning og læringsutbytte. Dei fleste av rektorane melder at det er eit godt verktøy. Samstundes vert det nevnt at PULS er arbeidskrevjande å sette seg inn og bruke.

Alle skulane nyttar **VOKAL** for oppfølging av kartleggingar. Skulane kartlegg direkte elevane sitt prestasjonsnivå i VOKAL og då også kor det er behov for å sette inn ekstra tiltak - både i forhold til enkeltelevar og klassar. VOKAL vert nytta systematisk for å sjå på læringsutbytte, og resultatane er grunnlag for tiltak, til dømes tilpassa opplæring.

Skulane har tatt i bruk **kvalitetssystemet** til kommunen, både som arkiv for å legge inn skulen sine eigne rutinar, men også for å slå opp i kommunen sine fellesrutiner. Fleire av rektorane meiner at kvalitetssystemet er bra og nyttig.

4.3 Vurderingar

Skulane nyttar verktøy i henhold til interne krav frå skuleeigar. Dermed er revisjonskriteria under 3.1.2 oppfylt. Skulane fortel at verktøya er nyttige, og at dei utfyller kvarandre.

⁸ Foreldrerådets arbeidsutval.

5. Strategiplan 2016-2020

5.1 Revisjonskriterier

I tillegg til det kontinuerlege arbeidet med å sikre kvalitet i opplæringa, har kommunestyret i Tysvær kommune i møtet 10.5.2016 sak 23/16 vedteke ny 4-årig strategiplan for skulane. Strategiplanen er basert på tilstandsrapporten for 2014-2015 og fastset mål og strategiar for å forbedre og sikre kvalitet i opplæringa i skulane. Strategiplanen er grunnlagsdokumentet for arbeidet med kvalitet i skulen i åra som kjem. Strategiplanen syner fire satsningsområder for å auke kvaliteten i skulanene, med tilhøyrande mål og strategiar for å nå måla. I forvaltningsrevisjonen ser på tre av desse satsingsområda, som alle er retta inn mot kompetanseheving.

Til kvart satsningsområde er det oppstilt resultatmål for skulane/skuleleiinga med tilhøyrande strategiar for å nå måla.

Resultatmåla og strategiar til kvart satsningsområde er brukt som revisjonskriterier. Desse er lista under:

- ✓ Satsingsområde 1: Kompetanse i å lære - med fokus på vurdering for og som læring
 - Resultatmål for skulane:
 - Skuleleiinga har kompetanse i, og leier arbeidet med, vurdering for og som læring på eigen skule.
 - Skuleleiinga synleggjer forventningar, gir støtte og etterspør lærarane sitt vurderingsarbeid.
 - Lærarane har høg kompetanse og praktiserer god vurdering for og som læring i kvar læringsøkt.
 - Lærarane analyserer læringsresultat systematisk for å tilpasse opplæringa til enkelteleven/elevgruppa.
 - Lærarane samarbeider slik at det blir progresjon i forventningar om elevane sine strategival i eiga læring.
 - Strategiar for å nå måla:
 - Skuleeigar organiserer og driv prosessar med skuleleiarane som set dei i stand til å utvikle vidare læring på eigen skule.
 - Skuleleiinga legg til rette for deling av fagleg og didaktisk kompetanse i lærande nettverk på eigen skule og på tvers av skular.

- ✓ Satsingsområde 2: Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta med fokus på eit trygt psykososialt skulemiljø
 - Resultatmål for skulane:
 - Skuleleiinga sikrar at alle tilsette har ei felles forståing av korleis vaksenrolla skal utøvast i eit trygt og læringsorientert skulemiljø.
 - Skuleleiinga sikrar at alle følgjer det kommunale rammeverket for eit trygt psykososialt skulemiljø.
 - Lærarane har kunnskap om, og syter for eit trygt psykososialt læringsmiljø for kvar enkelt elev og i elevgruppa.
 - Lærarane samarbeider om å byggje eit trygt psykososialt miljø på skulen, med basis i eit felles elev og lærings syn.
 - Strategiar for å nå måla:
 - Skuleeigar organiserer og driv prosessar saman med skuleleiarane som set dei i stand til å utvikle læringsmiljøet i tråd med det kommunale rammeverket.

✓ Satsingsområde 3: Fagspesifikk kompetanse i realfag - med fokus på matematikk

- Resultatmål:
 - Skuleleiinga leier arbeidet for å auke og dele matematikdidaktisk kompetanse blant lærarane på eigen skule.
 - Skuleleiinga bruker system for å etterspørje elevane sitt læringsutbytte og progresjon.
 - Lærarane analyserer, reflekterer rundt og samhandlar om matematikdidaktiske vegval.
 - Lærarane brukar arbeidsmåtar som gir auka motivasjon og forståing i faget.
 - Lærarane brukar vurdering for og som læring for å tilpasse opplæringa.
- Strategiar for å nå måla:
 - Skuleeigar brukar Ståstadanalysen med tilleggsmodular for arbeid med realfag som grunnlag for utarbeiding av utviklingsområde i realfag med fokus på matematikk.
 - Skuleeigar synleggjer forventningar, gir støtte og etterspør skulane sitt arbeid innan satsingsområdet.
 - Skuleeigar organiserer lærande nettverk i matematikk.
 - Skuleeigar gir kompetanseheving i matematikk.

5.2 Fakta

5.2.1 Generelt om planen

Inneværande strategiplan vart vedteken våren 2016. Ettersom tidspunktet for forvaltningsrevisjonen er relativt tidleg i strategiplanperioden, vurderer ikkje revisjonen korvidt måla for denne strategiplanen er oppnådd. Derimot vurderer revisjonen i kva grad skulane i varetek måla og strategiane. Strategiplanen samsvarer med nasjonale satsingar, og skulane har vore med i utarbeidinga av den.

Det framgår av strategiplanen at skulane skal med utgangspunkt i strategiplanen utarbeide ein eigen, årleg utviklingsplan. På tidspunktet for revisjon var det nokon av skulane som var i gang med å utarbeide utviklingsplanar, medan andre av skulane ikkje var i gang med dette. Skulane har fått opplæring i utarbeiding av utviklingsplanar, og målsettinga er også at slike planar skal koplast tett opp mot PULS-systemet. Skulesjefen har opplyst at målsetninga er at alle skulane skal ha utviklingsplanar på plass i løpet av våren 2017.

5.2.2 Satsingsområde 1: Kompetanse i å lære – med fokus på Vurdering for og som læring

Innanfor satsingsområdet *Kompetanse i å lære – med fokus på Vurdering for og som læring* er det satt opp fem resultatmål, som alle er relatert til prosjektet Vurdering for læring. Vurdering for læring (VFL) er ei nasjonal satsing under Utdanningsdirektoratet (Udir) som alle Tysvær skulane deltek i. Skuleeigar har laga ein prosjektplan for satsinga som var inne til godkjenning på tidspunktet for revisjon. Prosjektplanen beskriv det overordna målet for satsinga, og ein plan for kva hovudaktivitetar som skal gjennomførast i prosjektperioden. Alle skulane deltek i satsinga og har eit utviklingsteam som er ansvarlege for gjennomføring og oppfølging av det arbeidet som initieres frå felles planleggingsarbeid i kommunen. Utviklingsteama får kurs og veiledning som dei skal ta tilbake til skulen og dele med resten av kollegiet.

Her føl ein kort oppsummering av skulane sin status i forhold til arbeidet med satsingsområdet:

Tysværåvåg barne- og ungdomsskule har fokus på Vurdering for læring (VFL). Har ein eigen rettleiar for vurdering. Skal byrje med skulevandring. Lærarane samarbeider i arbeidet med VFL.

Grinde skule har fokus på VFL i fellestida. Skulen har eit eige team som arbeider med VFL. Alle lærarane skal kjenne til dei ulike kriteriene til VFL. Skulen har jobba med dette over lengre tid.

Nedstrand barne- og ungdomsskule - rektor og inspektør god kompetanse på VFL. Skulen har ein vurderingskultur som går ned til 1. klasse. Dette er eit fokusområde, skulen har gjort konkrete grep for at vurderinga skal vere ein lærings situasjon.

Førre skole har kompetanse og fokus på VFL. Dette er eit av fem satsningsområder for skulen i 2016/17. Bruker tid på deling mellom pedagogisk personalet i fellestida.

Frakkagjerd barneskole har arbeid med VFL over tid, og fått gode resultat på dette på elveundersøkinga. Skulen har laga ein eigen plan for prosjektet for hausten 2016 og har to pedagoger som jobber med VFL ut mot personalet.

Frakkagjerd ungdomsskole har fokus på VFL under fellestid. Ein av inspektørane ved skulen er med på å leie VFL-satsinga i kommunen.

Førland skule har hatt fokus på VFL. Har ei eiga utviklingsgruppe på skulen, som set det på dagsorden for heile kollegiet. Har gjennomført skulevandring med fokus på vurdering for læring.

5.2.3 Satsingsområde 2: Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta med fokus på eit trygt psykososialt skulemiljø

Innanfor satsningsområdet *Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta med fokus på eit trygt psykososialt skulemiljø* er det satt opp fire resultatmål. Skuleeigar har utarbeida ein plan for arbeidet med det psykososiale miljøet - *Kompetanse for livsmeistring - plan for eit trygt psykososialt skulemiljø*. Denne er eit sluttresultat av *Læringsmiljøprosjektet*. Tre av skulane i Tysvær kommune⁹ har dei siste to åra delteke i *Læringsmiljøprosjektet*. Dette er gjennomført i regi av utdanningsdirektoratet (Udir), med rettleiing frå *Læringsmiljøsentret* ved UiS, saman med Fylkesmannen. Grunnen til at skulane vart med i prosjektet var at dei over tid hadde hatt dårlige tal på mobbing. I prosjektet har ein bla arbeid med ein felles plan og rutiner for læringsmiljø, som skal innarbeidast på alle skulane i kommunen. Rektorane som har deltatt i læringsmiljøprosjektet fortel at dette har vore eit nyttig prosjekt, som har gitt gode verktøy for å avdekke og handtere mobbing og krenking. Tall frå PULS syner at prosjektskulane har dei lavaste mobbetalla i kommunen.

På tidspunkt for revisjonen er ikkje *Kompetanse for livsmeistring - plan for eit trygt psykososialt skulemiljø* ferdigstilt, men revisjonen har fått tilgang til eit utkast. Dette er ein delplan til strategiplanen og skal evaluerast årleg. Målet med planen er å gje skulane eit felles rammeverk i arbeidet med å førebygge, oppdage og stoppe krenking, mobbing, trakasering og diskriminering. Her vert det lista eit felles ordensreglement for Tysværskulane. I tillegg er det eksempel på reglar og rutiner i forhold til læringsmiljø som er utarbeida av skulane som har vore med i *Læringsmiljøprosjektet*, og skal vere til inspirasjon for dei skulane som ikkje har dette på plass. Planen inneheld også ei skildring av kva samarbeidsfora ein har med resultatområdet for helse og førebygging og skildring av ulike verktøy, som til dømes ikkje-anonym mobbeundersøking.

I Tysvær kommune er det fleire av skulane i Tysvær som er **PALS** skular. PALS står for positiv adferd, støttande læringsmiljø og samhandling. Dette er ein skuleomfattande innsatsmodell, kor føremålet er å bidra til å redusere talet på elevar med atferdssproblem og fremme god sosial og skulefagleg læring. PALS vektlegg ei systematisk tilnærming med felles reglar og forståing av elevadferd for dei tilsette på skulane. Det er også fleire av skulane som deltek i **Trivselsprogrammet**, som har som mål å fremme og auke aktivitet/leik i friminutta. Målet med Trivselsprogrammet er å redusere mobbing.

Her følgjer ei kort oppsummering av skulane sin status i forhold til arbeidet med satsingsområdet:

Tysværåvåg barne- og ungdomsskule har delteke i *Læringsmiljøprosjektet*. Skulen har rutinar for mobbing og eit rammeverk for handle- og vedtaksplikt. Gjennomfører ikkje-anonym spørjeundersøking.

⁹ Grinde skule, Tysværåvåg barne- og ungdomsskule og Nedstrand barne- og ungdomsskule.

Grinde skule var med i læringmiljøprosjektet, og fortel at psykososiale utfordringar vert handterert på eit lågare nivå etter prosjektperioden. Grinde lagar årleg ein handlingplan for psykososialt skulemiljø. Arbeider med læringmiljø gjennom PALS, fadder, trivselsleder, og læringmiljø time.

Nedstrand barne- og ungdomsskule har deltatt i Læringsmiljøprosjektet. Har jobba direkte med korleis dei skal ta tak i mobbing, blant anna ved oppfølging av elevundersøkinga. Har fokus på kvalitet i elev-lærar relasjonar. Har innført ikkje-anonym mobbeundersøking. Auka kunnskap om rutinar på korleis ein melder frå om mobbing. Skulen har fokus på Trivselsleiing.

Førre skole er ein PALS skule, og dei har nylig hatt ein revitalisering av PALS for å sikre ein felles tekning rundt PALS. Skulen arbeider også med psykologisk førstehjelp som er eit verktøy for å ta tak i utfordringar som elevane står i.

Frakkagjerd barneskole har ein eigen plan på PALS, som dekker heile året. Skulen er også med i Trivselsliarprogrammet. Dette har gitt positive effekter på arbeidsmiljø og på læringsutbytte.

Frakkagjerd ungdomsskole har nyleg revidert ordensreglementet for skulane. Dei legg vekt på at reglementet både skal synleggjere reglar og verdiar. Skulen set kvar månad ein verdi i fokus i klasseromma.

Førland skule arbeider læringmiljøet kontinuerlig, bla er livsmestringskompetanse tema på personalsamling. Skulen har også trivselsleiar.

5.2.4 Satsingsområde 3: Fagspesifikk kompetanse i realfag – med fokus på matematikk

Innanfor satsingsområdet fagspesifikk kompetanse i realfag – med fokus på matematikk er det satt opp fem resultatmål. Det er ein eigen prosjektplan under utarbeiding, men denne har ikkje revisjonen fått tilgang til. Fokuset i strategiplanen er at lærarane skal utvida sin kompetanse i matematikk, og at opplæringa i matematikk skal fornyast på læringsfremmande måtar. Opplæringa skal auke elevane sin motivasjon, forståing og kompetanse i matematikkfaget. Alle skulane har lærarar som deltek i **mattebølgen**, som er eit nettverk for lærarar innanfor matematikk.

Her føl ei kort oppsummering av skulane sin status i forhold til arbeidet med satsingsområdet:

Tysværåg barne- og ungdomsskule – rektor fortel at realfagsatsinga gir gode resultat, skulen har fått drahjelp gjennom Skulebasert kompetanseutvikling (SKU) og mattebølgesatsinga. Har enkeltpersonar som aukar kompetanse innanfor realfag, som vidare deler dette i delingsøktar.

Grinde skule deltek i matematikkbølgen og har ein eigen matematikkveileder. Gjennomfører delingsøktar, arbeider med dette systematisk. Har god fagspesifikk kompetanse innanfor realfag på skulen.

Nedstrand barne- og ungdomsskule - realfagsatsinga vert leia av ein erfaren og ein nyutdanna læra. Skulen deltek i kommunalt nettverk for å auke den matematiske kompetansen.

Førre skole har ein lærar som deltek i matematikknettverket, og som orienterer frå dette i fellestida. Vil la naturfag få ei større rolle inn i realfagsatsninga.

Frakkagjerd barneskole har tre til fire lærarar som er med i faste nettverkssamlingar i kommunen kor dei får opplæring og deler deretter ny kunnskap på personalmøter. Skulen har ein matteveiledar som formidler tips, idear og arbeidsmetodar til personalet på personalmøtene.

Frakkagjerd ungdomsskole har fire lærarar som er med i mattenettverket, som set dagsorden ift realfag på skulen. Skulen har satt av ein time i veka kor alle realfaglærarar møtes.

Førland skule har ein lærar som er med i mattenettverket, ho deler det ho får gjennom dette nettverket med resten av kollegiet. Skulen er godt utstyrt i forhold til verktøy som ein kan nytte til å arbeide med realfag.

5.3 Vurderingar

Revisjonen vurderer at skulane i Tysvær kommune arbeidar godt med alle dei tre satsingsområda, med tilhøyrande resultatmål, som er nedfelt i strategiplanen 2016-2020. Me syner til:

- ✓ Det vert arbeid systematisk med satsingsområdet *Kompetanse i å lære – med fokus på Vurdering for og som læring* frå skuleeigar si side. Både med at ein har ein konkret prosjekplan og ved at alle skulane har avsett ressursar til utviklingsteam som skal arbeide med dette. Dette er i tråd med strategien frå strategiplanen for korleis ein skal nå resultatmåla både ved at skuleeigar organiserer og driv prosessar med skuleleiarane, men også ved at skuleleiinga legg til rette for deling av fagleg og didaktisk kompetanse i lærande nettverk på eigen skule og på tvers av skular.
- ✓ Innanfor satsingsområdet *Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta med fokus på eit trygt psykososialt skulemiljø* er skuleeigar godt i gang med arbeidet med eit felles rammeverk for å førebyggje, oppdage og stoppe krenking, mobbing, trakasering og diskrimnering. Dette er i tråd med strategien frå strategiplanen om at skuleeigar organiserer og driv prosessar saman med skuleleiarane som set dei i stand til å utvikle læringsmiljøet i tråd med det kommunale rammeverket. Skulane arbeider med og har fokus på det psykososiale skulemiljøet, bla via program som PALS og Trivselsleiar.
- ✓ Skulane i Tysvær arbeider også med satsingsområdet *Fagspesifikk kompetanse i realfag – med fokus på matematikk*. Alle skulane har lærarar som deltek i mattenettverket for å auke kompetanse, som dei deler med resten av kollegiet. Skuleeigar har planar for korleis skulane skal arbeide med dette framover som er i tråd med strategiane frå strategiplanen. Mellom anna skal skulane gjennomføre Ståstadanalysen med tilleggsmøduklar for arbeid med realfag til våren, og det er etablert lærande nettverk i matematikk i kommunen.

6. Strategiplan 2012-2015

/Haugalandsløftet

6.1 Revisjonskriterier

Strategiplanen for Tysværskulen frå 2012- 2015 hadde tre satsingsområder, elevvurdering, tidleg innsats og læringsmiljø. Elevvurdering og tidleg innsats var ei vidareføring frå strategiplanen frå 2009-2012, ettersom det vart vurdert at ikkje alle resultatmåla var innfridde og institusjonalisert.

I tilstandsrapporten for 2014 og 2015 er det i liten grad rapportert på resultatmåla. Derimot vert resultatata frå ulike undersøkingar og kartleggingar presentert. Dermed er det mest hensiktsmessig å nytte dei overordna måla for strategiplanperioden 2012-2015 som revisjonskriterier:

- ✓ Nullvisjon når det gjeld mobbing.
- ✓ Områda i Elevundersøkinga skal vere betre enn landssnittet.
- ✓ Resultata på Nasjonale prøvar skal vere over landssnittet.
- ✓ Grunnskulepoeng skal liggje på minst 40 poeng.
- ✓ Kartleggingar og prøvar skal danne grunnlag for å tilpassa undervisninga og auke læringsutbyttet.
- ✓ Spesialundervisninga skal liggje under 7%.

6.2 Fakta

6.2.1 Generelt om planen

Denne strategiplanen byggjer på Kunnskapsløftet, nasjonale føringar og samfunnsdelen i kommuneplanen. Måla med Haugalandsløftet er innarbeid som del av strategiplanen. Hovudmandatet for Haugalandsløftet er å auka kvalitet i den ordinære undervisninga for å redusere tal på elevar som må ha spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp etter § 5-1 i Opplæringslova.

I *Tilstandsrapport for Tysværskulen 2014-2015 og hausten 2015* vert resultatata frå ulike undersøkingar og kartleggingar presenterert. For å vurdere måloppnåing for strategiplanperioden 2012-2015 har me sett på resultatata i tilstandsrapporten i forhold til dei overordna måla i strategiplanen.

6.2.2 Overordna målsettingar

- ✓ Nullvisjon når det gjeld mobbing.

Tysvær kommune har ikkje oppnådd nullvisjon i forhold til mobbing. På 7. trinnet er det 6,8 % og på 10. trinnet 6,1 % av elevane som har opplevd mobbing 2-3 gongar i månaden (eller oftare) i 2015. Samstundes er dette ein reduksjon frå 2014.

- ✓ Områda i Elevundersøkinga skal vere betre enn landssnittet.

I tilstandsrapporten er følgjande læringsmiljøindeksar og resultat for 2015 presentert for Tysværskulane:

Læringsmiljøindeks	7. trinn	10. trinn
Støtte frå lærarane	På landssnittet	Like under landssnittet
Vurdering for læring	Like under landssnittet	Like under landssnittet
Læringskultur	På landssnittet	På landssnittet
Meistring	Like under landssnittet	Like under landssnittet
Elevdemokrati og medverknad	På landssnittet	Like under landssnittet
Andel elevar som har opplevd mobbing	Like over landssnittet	Like over landssnittet

Som det går fram av tabellen er ikkje skulane betre enn landssnittet på nokon av læringsmiljøindeksane, og har soleis ikkje oppnådd det overordna målet om å vere betre enn landssnittet.

✓ Resultata på Nasjonale prøvar skal vere over landssnittet.

I tilstandsrapporten er følgjande læringsmiljøindeksar og resultat for 2015 presentert for Tysværskulane:

	5. trinn - 2015	8. trinn - 2015	9. trinn - 2015
Lesing	Like under landssnittet	Under landssnittet	Like under landssnittet
Rekning	Over landssnittet	Like under landssnittet	Like under landssnittet
Engelsk	Like under landssnittet	Under landssnittet	-

For 2015 resultatata ligg Tysværskulane over landssnittet på rekning på 5. trinn. Innanfor dei andre områda og trinna ligg Tysvær under landssnittet.

✓ Grunnskulepoeng skal liggje på minst 40 poeng.

Gjennomsnittet av grunnskulepoeng i perioden er over 40, og målet er oppnådd i 2015.

✓ Kartleggingar og prøvar skal danne grunnlag for å tilpassa undervisninga og auke læringsutbyttet

Det går fram av kapittel 3.3.1 at skulane arbeider systematisk med dette.

✓ Spesialundervisninga skal liggje under 7%.

I 2014 var antall elevar som fekk spesialundervisning i Tysvær 7,4 %. Dette er ein nedgang frå 9,4 % i 2013. Tysvær har klart å snu trenden med å gje spesialundervisning på dei høgste trinna til at ein har meir spissa innsats mot dei tidlegaste trinna. Dette kan sjåast i samanheng med arbeidet som er gjort jennom Haugalandsløftet.

6.3 Vurderingar

Kapitel 4.2.2 syner at ikkje alle dei overordna måla i strategiplanen for 2012-2015 vart oppnådd. Ein har ikkje oppnådd nullvisjonen om mobbing og Tysværskulen scorar ikkje over landssnittet i elevundersøkinga. Samstundes er dette prioriterte område i den nye strategiplanen gjennom satsingsområda *Kompetanse i å lære – med fokus på Vurdering for og som læring og Kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta med fokus på eit trygt psykososialt skulemiljø*.

Den overordna målsettinga om at resultatata på nasjonale prøvar skal vere over landssnittet er i liten grad oppfylt. Likevel er kommunen i gang med ei realfagsatsinga og det kan ventast at denne kan ha ein positiv effekt på utviklinga i resultatata på nasjonale prøvar innanfor rekning. Tysvær oppnådde målet om grunnskulepoeng over 40 for første gong i 2015.

Tysvær har bortimot oppnådd målsettinga om spesialundervisning under 7 %. Tysvær kommune har utarbeida ein plan for *Kompetanse for livsmeistring - Systemisk samhandling skule-PPT* for strategiplanperioden 2016-2020. Denne inneheld ei avklaring av ansvarsområde og samarbeidsområde for PPT og skule. Den har også ein konkret årsplan for samhandling. Dette er hensiktsmessig ettersom Haugalandsløftet etterkvart går inn i sin siste fase. Basert på intervju med rektorane og reduksjonen i antall elevar med spesialundervisning, verkar Haugalandsløftet å vere vellykka. Rektorane er i stor grad nøgd, bortsett frå at det var fleire som nevnte at det var krevande at det opptok ein så stor andel av planleggingsdagane.

Sjølv om ikkje alle måla i den førre strategiplanen vart oppnådd, vert dette arbeid med vidare i den nye strategiplanen på ein hensiktsmessig måte. Samstundes vil revisjonen tilrå at tilstandsrapporten i større grad redgjer for måloppnåing i henhold til strategiplanen, enn det tilstandsrapporten for 2014 og 2015 og hausten 2015 gjer.

7. Uttale frå rådmannen



TYSVÆR KOMMUNE

RÅDMANNEN

Dato: 11.01.2017 Vår ref: 1130/2017
2016/1723

Saksbehandlar: Eli Krokedal Tlf. 52 75 80 11

Arkiv:217/B00

Dykkar ref:

KPMG AS

Postboks 4 Kristianborg
5822 BERGEN

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM «KVALITET I OPPLÆRINGA I SKULANE» - UTTALE FRÅ RÅDMANNEN

Rådmannen har mottatt utkast til revisjonsrapport som omhandlar kvaliteten i Tysværskulen. Føremålet med rapporten er å undersøke i kva grad skulane jamleg vurderer eiga verksemd og i kva grad resultatmåla i perioden 2012-2015 og for perioden 2016-2020 er oppfylte.

Rådmannen er nøgd med at forvaltningsrevisjonsrapporten konkluderer med at skulane oppfyller krava til skulebasert vurdering i tråd med forskrift om opplæring etter §2-1.

Det kan stillast spørsmål om innhaldet i rapporten gir eit utdjupande bilete av samla kvalitet i Tysværskulen. Rapporten byggjer på innsendte dokument, analyse av desse og intervju med 7 rektorar og skulesjef. Når det gjeld konklusjon sett i samanheng med revisjonskriterier og metode, kan intervjuutvalet synast noko smalt. Eit utvida intervjuutvalet med nokre lærarrepresentantar, ville kanskje gitt eit meir nyansert bilete. Dette gjeld særleg når det gjeld vurdering av kartleggingane og system for oppfølging av desse.

Rådmannen er og i tvil om revisjonskriteria er grundig nok handsama. Når rapportforfattarane bruker omgrepet mål, er det i ulik grad presisert kva for mål ein uttalar seg om. Rådmannen er usikker på om det er læreplanmåla uttrykt i kompetansemål, måla i strategiplan Tysvær kommune 2016-2020 eller andre mål ein viser til. Strategiplanen skil mellom overordna mål, resultatmål og effektmål. og rådmannen finn ikkje att desse omgrepa i revisjonsrapporten. Rådmannen si vurdering er bestillinga til KPMG med fordel kunne vore noko meir presis, og at oppdraget KPMG har fått, er svært omfattande i forhold til tida som har vore til rådvelde.

Rådmannen konkluderer med at rapporten viser at kommunen ivaretar den tilsynsplikta som skuleeigar har og at rapporten i nokon grad kan nyttast i eit forbetningsarbeid. Ei god arbeidsform vidare vil vere at skulesjefen saman med rektorgruppa finn forbetningsområde i forhold til punkta som rapporten presiserer og som er i tråd med gjeldande planar for Resultatområde skule.

Arvid S. Vallestad
Rådmann

7.1 Revisor sin kommentar til rådmannen sin uttale

Rådmann stiller spørsmål ved om intervjuutvalet til rapporten er noko smalt, då eit utvida intervjuutval med lærarrepresentantar kunne gitt eit meir nyansert bilete. På generelt grunnlag er revisor einig i at eit meir utvida intervjuutval vil kunne gje eit meir fullstendig bilete av ein tilstand/teneste/funksjon. Mandatet til denne revisjonen var avgrensa i høve til timar og respondentar. Dette hang i hop med at ein valde å ha fokus på det overordna nivået med skuleleiar og skuleeigar.

Rådmannen er og i tvil om revisjonskriteria er grundig nok handsama i høve til det som vert opplevd som ulik bruk av omgrepet mål. Revisor syner til at det i rapporten vert vist til både resultatmål og overordna mål. Det kan tenkast at omgrepsbruken kunne vore noko meir presis, men det er revisors vurdering at dette ikkje ville endra konklusjonar og vurderingar i rapporten.

Vedlegg 1 Dokumentliste

Dokumenttype	Dokumentnavn eller forklaring	Gjeld:
Rapport	Tilstandsrapport skuleåret 2014-2015 og hausten 2015	Sentrale dokument
Plan	Strategiplan 2016-2020 Kompetanse for livsmestring	Sentrale dokument
Årshjul	Årshjul for kvalitet i Tysværskulen 2013-2015	Sentrale dokument
Plan	Prosjekt Haugalandsløftet Systemisk samhandling skule - PPT	Sentrale dokument
Plan	Læringsmiljøprosjektet - Plan for eit trygt psykososialt skulemiljø.	Sentrale dokument
Plan	Læringsmiljøprosjektet - Plan for eit trygt psykososialt miljø.	Sentrale dokument
Prosjektplan	Skoleeiers plan for satsingen "Vurdering for læring"	Sentrale dokument
Årshjul	Årshjul for kvalitet i Tysværskulen 2016-2020	Sentrale dokument
Mal	Mal for dialoqmøte 2016	Sentrale dokument
Møtereferat	Referat frå dialogmøte med dei ulike skulane frå 2014-2016	Dei ulike skulane
Dialogmøte	Program for dialogmøta	Sentrale dokument
Oppgåve	Oppgåve frå implementering av PULS. Kvalitetbeskrivelse pkt. 3.1.2 i strategiplanen.	Sentrale dokument
Strategiplan	Strategiplan 2012-15 med handlingsplan 2012-2013	Sentrale dokument
Strategiplan	Strategiplan 2012-2015 del 2 BRUA med tiltaksplan	Sentralt
Planleggingsdokument	Eksempel på planleggingsdokument	Frakkagjerd ungdomsskole
Temahefte	Fem grunnleggjende ferdigheter - hefte til planleggingsdagen 2	Frakkagjerd ungdomsskole
Læreplanarbeid	Læreplanarbeid, prosess	Frakkagjerd ungdomsskole
Informasjon	Informasjon og oversikt over organiseringa av skulen	Frakkagjerd ungdomsskole
Prosjektplan	Prosjektplan 2013- 2014 skolebasert kompetanseutvikling	Frakkagjerd ungdomsskole
Rapport	SKOLEEIERERS SLUTTRAPPORT TIL FYLKESMANNEN PULJE 1 i SKU	Frakkagjerd ungdomsskole
Plan	Virksomhetsplan fus	Frakkagjerd ungdomsskole
Prosess	Vurdering av regiark	Frakkagjerd ungdomsskole
Informasjon	Frakkagjerd barneskole. En presentasjon	Frakkagjerd barneskole
Årshjul	Kartleggingsrutiner Frakkagjerd barneskole	Frakkagjerd barneskole
Medarb.undersøking	Medarbeideundersøkelsen 2016	Frakkagjerd barneskole
Plan	Personalmøter 2015-2016	Frakkagjerd barneskole
Plan	Personalmøter 2016-2017	Frakkagjerd barneskole
Prosjektplan	Prosjektplan 2013- 2014	Frakkagjerd barneskole
Rapport	Rapport fra ekstern skolevurdering 2012	Frakkagjerd barneskole
Rapport	Rektors rapport fra egenvurderingen høsten 2012	Frakkagjerd barneskole
Tilstandsrapport	Resultat frå kartleggingar	Frakkagjerd barneskole
Prosjektplan	Vurdering for læring (SCHOOL ACTION PLAN FOR THE ASSESSMENT FOR LEARNING PROJECT)	Frakkagjerd barneskole
Årshjul	Årshjul aktiviteter	Frakkagjerd barneskole
Årshjul	Årsplan PALS	Frakkagjerd barneskole
Årshjul	Årsplan for ressursteamet i 2016-2017	Frakkagjerd barneskole
Rapport	Ekstern skolevurdering Førland rapport 2012-13	Førland skule
Rapport	Eigenvurdering Haugalandsløftet rapport 19.11.12	Førland skule
Rapport	Eigenvurderinga Haugalandsløftet rapport 28.11.2013	Førland skule
Prosjektplan	Prosjektplan Tidleg innsats 2014-15	Førland skule
Informasjon	Informasjonsskriv frå rektor	Førland skule
Årshjul	Plan fellestid onsdag	Førland skule
Informasjon	Uttalelse til KPMG i fm innsyn i rutiner	Førre skole
Rapport	Ekstern skolevurdering 2009	Førre skole
Handlingsplan	Handlingsplan 2013-2014	Førre skole
Årshjul	Kalender 16v17	Førre skole
Rutiner mm	Personalperm	Førre skole
Informasjon	Informasjonsskriv frå rektor	Grinde skule
Rapport	Spørsmål til egenvurdering NordR 2013	Grinde skule
Oppgåve	Oppfølging av eigenvurdering	Grinde skule

Dokumenttype	Dokumentnavn eller forklaring	Gjeld:
Rapport	Resultat frå PULS – til gjennomgang i fellestid uke 14	Grinde skule
Oppfølging av eigenvurdering	Oppgåve fellestid 15.1.14	Grinde skule
Rapport	Oppfølging eigenvurdering 2013	Grinde skule
Rapport	Rapport frå ekstern skolevurdering	Grinde skule
Rapport	Ståstedsanalysen 2014-2015	Grinde skule
Rapport	Eigenvurderinga haust 13	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Oppfølging av eksternvurdering	Ekstern skulevurdering 2013 etterarbeid 1	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Oppfølging av eksternvurdering	Ekstern skulevurdering etterarbeid 2 personalet	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Evaluering	Intern evaluering SKU (skulebasert kompetanseutvikling)	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Rapport	Rapport ekstern skolevurdering NBU 2013	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Rapport	Rapport etter egenvurdering høsten 2013 2	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Rutine	Rutine Skulevandring NBU	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Skjema	Skjema skulevandring november 2016	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Utviklingsplan	Utviklingsplan innanfor skrivning	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Rapport	Ståstedsanalysen for grunnskole våren 2015	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Analyse	SWOT-analyse av ståstedsanalysen 14-15	Nedstrand barne- og ungdomsskule
Bestilling rettleiing	Eigenvurdering haust Tysværvåg barne- og ungdomsskule 2013/2014	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Rapport	Ekstern skulevurdering 2015	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Handlingsplan	Handlingsplan etter medarbeiderundersøkelsen 2014	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Handlingsplan	Handlingsplan etter medarbeiderundersøkelsen 2016	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Resultat	Resultat frå KS sin medarbeiderundersøkelse 2016	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Presentasjon	Power-point presentasjon av Tysværvåg barne- og ungdomsskule	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Analyse	Læringsmiljø SWOT TBU	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Oppsummering	Oppsummering av SKU prosjektet	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Referat	Oppsummeringsmøte oktober 2016 - læringsmiljøprosjektet	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Referat	Møte oktober 2016 - læringsmiljøprosjektet	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Rapport	Resultat frå Ståstadsanalysen	Tysværvåg barne- og ungdomsskule
Årshjul	§ 5-6 Årshjul samhandling skule-PPT 25.11.2016	Sentrale dokument
Budsjett	Budsjett 2017, økonomiplan 2017-2020	Sentrale dokument



Kontakt oss

Ole Willy Fundingsrud

Direktør

T +47 40 63 96 92

E ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

Kari Hesjedal

Senior manager

T +47 40 63 96 59

E kari.hesjedal@kpmg.no

Bjørge Rabbe Sandven

Senior Associate

T +47 99 39 65 83

E bjorge.sandven@kpmg.no

kpmg.no

© 2017 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

This proposal is made by KPMG AS, a limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International, a Swiss cooperative, and is in all respects subject to the negotiation, agreement, and signing of a specific engagement letter or contract. KPMG International provides no client services. No member firm has any authority to obligate or bind KPMG International or any other member firm vis-à-vis third parties, nor does KPMG International have any such authority to obligate or bind any member firm.